Referat AT samling 28.11.24

Tilbakemeldinger fra bhg:

Tyssedal:

- Funke fint. Har inndekking av plantid og vikarer.
- Har faste LTV/medråderettsmøter.

Utne:

- Har det kjempefint. Fått 2 vikarar. Masse barn – 12 på småbarn. Nytt kontor til pedagogane. 23 barn totalt.
- Omstilling skaper uro og reaksjoner. SU er på ballen.
- Har LTV/medråderettsmøter ved behov.

Rabben:

- Vi leiter etter folk, søker etter folk.
- Ting går såvidt rundt, men folk er positive og hjelper kvarandre.
- Fått på plass ass.styrar.
- Styrar mye ute i drift.
- Høgt sjukefravær. Kvifor? Handler om kapasitet. Ser endring her.
- Håper på positive tider! Ein dag så ordner det seg. Vi holder motet oppe!
- Mye språkbarrierer.

Veisane:

- Går fint!
- Vart råka av flaumen. Måtte evakuere fredags morgon og stenge. Møttes på folkehøgskulen på lørdagen, men det var ikkje aktuelt. Flytta inn i klubbhuset og drifta der i 1,5 veke.
- 44 barn, organisert i 5 grupper.
- Ikkje fornøyd med bhg rommessig.
- Er dei folka dei skal vera.
- Litt fravær. Studentar, gravide o.l.
- Får stort sett tak i vikarar.
- Bedre enn i fjor.
- Språkbarrierer.
- Jobber med prosjekt – livsmestring og helse.
- Fokus på mat uten sukker, minst mulig ultraprossesert.
- Har LTV/medråderettsmøter jevnlig.

Sekse:

- Går bra.
- Har søkt etter folk, men lite søkere og mye utenlandske. Har tilsatt ei som vil ta utdanning.
- Tiltakene ift auka bemanning fungerer. Får tatt ut plantid.
- Får nye barn på nyåret.
- Fått ny uteleikeplass - offisiell åpning mandag 2.desember kl 15.30.
- Prosjekt – fra jord til bord. Mye matlaging – pedagogisk opplegg. Videreføring etter rekomp der fokuset var måltid og voksenrolla.
- Har LTV/medråderettsmøter ved behov.

Jondal:

- Godt bemanna, men mye fravær.
- Veldig varierende ift plantid. Går ofte ut pga fravær.
- Skal egentlig ha faste LTV/medråderettsmøter, men det er ikkje oppe og går.
- Skal lyse ut ein barnehagelærarstilling.

Eitrheimsvågen:

Det er for tiden ganske travelt her ute. Vi står oppi en omstilling der vi skal åpne ny avdeling etter jul. Da går vi fra 5 til 6 avdelinger. Det er mye som skal gjøres. Vi har tømt formingslageret og skal gjøre dette om til spes.ped rom. Vi har flyttet pauserommet tilbake på mediarommet. I forbindelse med ny avdeling lyste vi ut etter nye stillinger. Fikk noen søknader på barne og ungdom/ assistent stillinger, men dessverre ingen på bhglærer stilling. Samtidig med omstilling til 6 avdelinger jobber vi med prosjekt ny barnehage. Her er det mye å tenke på! Jeg og Asle har sammen med Wenche vært på befaring i Skare og hos dere i Rabben. Vi skal også en tur til Kinsarvik for å se. Når det gjelder bemanning er vi dette året godt bemannet, men dessverre så blir det også en god del fravær. Vi ser at det kan være en hvilepute for enkelte og det er dessverre lettere å melde seg syk eller sykemeldt. Så vi bruker mye tid på organisering. Ellers så har jeg og Asle AT møter en gang i mnd.

Kristine Berdal skryt av Kristine for arbeidet ho har gjort som HTV barnehage i Ullensvang. Plantida er dekka inn, i tillegg til mykje anna. Godt jobba!

Tid for dei minste m/Kristine Berdal

Har vore eit stort behov for å få arbeidet rundt barnehage opp og fram. Strevar med bemanning over heile landet. Undersøking frå to år sidan viser: I Noreg finst det over 20.000 barnehagelærarar som arbeidar andre plassar enn i barnehage!
Bekymringar rundt helsa til dei som arbeider i barnehage – mykje slitasje.
51 år er gjennomsnittsalderen når dei tilsette gjer seg i yrket.

1 av 3 barnehagelærarar ynskjer å gje seg innan 1-3 år, grunna dårleg bemanning.

To overordna mål i arbeidet "Tid for dei minste":
*Auka bemanninga gjennom fleire barnehagelærarar.
*Styrka styrarressurs.

Over 30 % mangel på barnehagelærarar i Noreg.

Det har vore forska på auka bemanning i mange rundar, no må det gjerast noko!

Ein må arbeide med nærværsarbeid i tillegg, for å få ned sjukefråværet.

Styrka barnehagelærarnorm (1:6 småbarn, 1:12 store barn), ein ekstra barnehagelærar i alle ordinære barnehager i tillegg til eit nytt årsverk pr. 8. årsverk i dei største barnehagane. -dette vert nok eit langtidsarbeid. Ikkje gjort over natta.

Dette vil koste 5,3 milliarder og utgjer 10 700 nye barnehagelærarårsverk på landsbasis.

Studietur til Bergen, på politisk kafe?? Mange gode innlegg.

Det skal utarbeidast ein rettleiar om bemanning i barnehagen – forventa klar i januar 2025. Korleis skal ein forstå barnehagelova §26?

UDF har nokre innspel om kva som bør presiserast i rettleiaren:
-når kan ein bhg redusere opningstida, evt stengast?
-ansvar styrar?
-Kor mange born ein ansatt kan vera aleine med ved evt. brann eller andre alvorlege hendingar?
-Kva skal vera maksimal opningstid?
-den pedagogiske forsvarligheten ved å flytte barn mellom avdelingar når bemanninga er dårleg.

Styrarinvolvering:
Styraren er ein vikitg aktør i utviklinga av barnehagesektoren.
Dei står ofte i eit krysspress.
UDF ynskjer i større grad å nå ut, støtta og utfordra sine styrarmedlem – for å ta eigarskap i "Tid for dei minste".

Arbeidskvardagen til dei ansatte er bygd opp rundt mange lovverk. Ein har mange rettigheitar og arbeidsvilkår som ein må passe på blir fulgt.

Tariff: protokolltilførsel frå 2024 oppgjeret, KS-
Gjeld 3.3 kompetanse, læring og utvikling, sjå presentasjon.
Planleggingstida *skal* nyttast til plantid.
SFS 2201, 3.2 Pedagogisk personale.

*Dei tillitsvalde må ha avtale med styrarane kva som skjer om plantida dett vekk. Får ein ny tid, ta det på ettermiddag, overtid? Viktig med tydlege avtalar.

"Laget rundt barna"

Fordeling av arbeidsoppgåver.

Rydd i oppgåvene på personalmøter - klubbmøter ol.

Årsmøtevedtak

Trinn 2: Ha tilstrekkeleg med bemanning gjennom dagen.

Korleis jobbe med dette?

- Prøve ny runde med registrering i skjema. Sende ut med forklaring. Registrere i desember.
- Bruke praksisfortellingar.

Tillitsvaldrolla v/Kristine Berdal

- Som AT skal du fronte UDF sin politikk.
- Viktig å passe på kven vi representerer og når.

Innkomne saker frå AT:

- Kan alle barnehagelærarar bli tilsett som pedleiarar? HTV har tatt det opp med sektorleiar bhg og oppvekstsjef. Det måtte sjekkas ut. Har ikkje hørt noko meir. Tar det opp igjen på møte 13.desember.
- Omdisponering av folk – kva gjer kommunen med dette? HTV har teke dette vidare til sektorleiar bhg. Kan tilsette bli flytta frå ein bhg til ein annan? Ikkje tatt stilling til ennå. Tar det opp igjen i møtet 13.desember.
- Rekrutteringsavtalen til barnehagen – HTV vil reforhandle denne saman med fagforbundet. Vil at avtalen skal gjelda for dei som kvalifiserer til stillinga med videreutdanning.
- Rabben ynskjer å gå ned på antall born, pga utfordringar med bemanninga. Veisane har litt same utfordringa.
- HTV Informerte kort om lønsoppgjeret, 8000,- til medlem i sektor, 5000,. til medlem med arbeidsplass andre plassar i kommunen- nokon spurte om kva tillegg dei uorganiserte fekk. Dei fekk første tilbud.

Barnehagedagen 2025 – 20 år!:

- Tysdag 11. Mars. Årets tema er: "La leiken leve".
- *I 2025 gjør arbeidsgruppa for Barnehagedagen noe politikerne på Stortinget blir beskyldt for ikke å gjøre, nemlig å lytte til barnehageansatte. Derfor arrangeres årets kveldsseminar i god tid før dagen – allerede* ***10. februar.*** *Det gir alle sammen bedre mulighet til å hente inspirasjon og tips fra arrangementet inn i markeringen av selve dagen.*
- HTV foreslo medlemsmøte denne dagen der vi kan sjå seminaret saman, få tips og inspirasjon og dela idèar til korleis vi kan markera barnehagedagen. Det hadde vært kjekt om alle barnehagane gjorde noko likt sånn som det året når vi hang opp påstandar.
  Enigheit om det. Invitasjon kjem på nyåret, men merk gjerne av dagen i kalenderen 😉
- Info om barnehagedagen finn de på nettsida. Her kjem det meir etterkvart.
  Barnehagedagen 2025

Referent:

Anita og Kristine